

Vedlegg 1. KDU - Rapportering og styringsdialog

Fristane kan bli justerte i løpet av året.

Tabell 1. Rapporteringskalender

Månad	Rapportering/møte
Januar	• Kassarapport • 14. januar: Verksemda si oversending av rekneskapsrapport til statsrekneskapen for 2010 med forklaringar • 27. januar: Overføring av ubrukte midlar til 2011
Februar	• Kassarapport
Mars	• Kassarapport • 1. mars: Tentativ dato for innspel til tilleggsløyvingar og omprioriteringar i 2011-budsjettet (RNB)* • 30. mars: Sende over årsrapport for 2010 • 30. mars. Rapportering til styringsmøtet 13. april • 30. mars: Framlegging av risikoanalyse
April	• 13. april: Styringsmøte • Kassarapport
Mai	• Kassarapport • 14. mai: Gjennomgang av rekneskapen pr. 30.04.11 • 14. mai: Innspel til Prop. 1 S (2011-2012) med utgangspunkt i bestilling frå departementet
Juni	• Kassarapport
Juli	• Kassarapport
August	• Kassarapport • 9. august: Gjennomgang av rekneskapen pr. 30.06.11 • 9. august: Sende over halvårsrapport for 2011
September	• Kassarapport • 20. september: Tentativ frist for innspel til nysalderinga i haustsesjonen (2011-budsjettet)*
Oktober	• Kassarapport • 5. oktober. Rapportering til styringsmøtet 19. oktober • 5. oktober. Innspel til tildelingsbrev for 2012 med utgangspunkt i utkast frå KRD • 5. oktober: Forslag til satsingar og innsparingstiltak for statsbudsjettet 2013* • 19. oktober: Styringsmøte
November	• Kassarapport
Desember	• Kassarapport • 1. desember. Oversikt over gjennomførte

	evalueringar i 2011, samt pågåande og planlagde evalueringar • 15. desember: Spesifikasjon av driftspostar for statsbudsjettet 2012
Januar 2012	• Kassarapport • Verksemda si oversending av rekneskapsrapport til statsrekneskapen for 2011 med forklaringar*

* Endeleg frist kan bli gitt på eit seinare tidspunkt i eit eige brev.

Styringsmøta

Styringsmøta skal handle om resultat- og måloppnåing. Dei satsingsområda som er peikte ut, skal stå mest i sentrum i styringsmøta. Vidare skal møta nyttast til å utveksle informasjon om arbeid som går føre seg og andre aktuelle saker i Distriktssenteret. Departementet kallar inn til møta og leier dei og er ansvarleg for dagsorden og referat. Departementet sender referata frå styringsmøta til Distriktssenteret med kopi til Riksrevisjonen.

I samband med styringsmøta skal Distriktssenteret sende ein rapport på same vis som i 2010. Dokumentasjon til møta skal oversendast minimum to veker før møtetidspunktet.

Rapportane skal mellom anna innehalde desse punkta:

- Satsingsområda og hovudmåla for 2011 med særleg vekt på
 - eventuelle avvik
 - graden av måloppnåing
- Økonomisk status
- Ei oversikt over utgreiingar som Distriktssenteret har ansvaret for, og der eventuelle saker av politisk interesse er markerte
- Dersom Distriktssenteret planlegg vesentlege endringar i verksemda si eller tek i bruk nye IKT-system, skal dette gå fram.
- Oppdatert risikovurdering